



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/354 - 19/978

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
18.01.2019

Fellingsavgift hjort 2018

Fellingsavgift for hjort, elg og villrein er heimla i viltlovens § 40 andre ledd. Austrheim og Radøy kommune har følgjande satsar for fellingsavgift pr. dyr: Kalv 180 kr og vaksne dyr 300 kr. I Fedje kommune er avgiften 210 kr for felt kalv og 350 kr for felt vakse dyr. Fellingsavgiften skal krevast inn til det kommunale viltfondet for kvar kommune, jamfør viltloven § 43.

Alle valda i dei tre kommunane har levert fellingsresultat for hausten 2018. Utsending av fellingsavgift vert administrert av økonomikontoret i kommunen dyret er felt, landbrukskontoret administrerer utsending i Radøy kommune.

Vedtak:

Austrheim og Radøy kommune: Fellingsavgifter på 180 kr for felt kalv og 300 kr for felt 1,5 åring og eldre pålegges alle vald som har felt hjort i 2018.

Fedje kommune: Fellingsavgift på 210 kr for felt kalv og 350 kr for felt 1,5 åring og eldre pålegges alle vald som har felt hjort i 2018.

Vedlagt ligg kommunevise lister over fellingsavgift fordelt på vald, med valdleiar kontaktinformasjon.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fellingsavgift Austrheim 2018

Fellingsavgift Fedje 2018

Fellingsavgift Radøy 2018

Mottakere:

Austrheim kommune
Fedje kommune
Radøy kommune

Sætremarka 2 5943
Stormarkvegen 49 5947

AUSTRHEIM
FEDJE